

Egenvurdering på emne- og programnivå

Emnenivå: Fylles ut av emneansvarlig

Programnivå: Fylles ut av programstyreleder (fagkoordinator)

Emne/program	AHKR202
År	2025
Emneansvarlig/ Programstyreleder (fagkoordinator)	Angun Sønnesyn Olsen
Samlet vurdering av gjennomføringen av emnet/programmet	Det var 10 plassar på emnet. Alle hadde sendt motivasjonsbrev og søkt om plass, og alle takka ja. Ein student møtte ikkje til verken forelesningar eller praksisseminar, og kunne difor ikkje gå opp til eksamen. Ein student trakk seg fordi obligatorisk praksisseminar var på same dag som eksamen i eit anna emne studenten tok. 8 studentar møtte opp på praksisseminar, og 7 av desse leverte eksamen. Det var 4-5 som kom på forelesning, 3-4 av desse på dei fleste forelesningane. Dei studentane som har møtt opp har vore aktive og stilt svært gode spørsmål. Emnet har hatt tre forelesarar: Kyrre Kverndokk, Gry Bang-Andersen og Angun Sønnesyn Olsen. Olsen hadde dei fleste forelesningane. Tema for forelesningane fungerte bra, og forelesningane har hatt ei passande rekkefylgje, slik at dei byggjer vidare på kvarandre. Eit par ting kan forbeholdast til neste semester. Forelesinga om museum bør kome rett etter forelesninga om arkiv, og før forelesninga om metadata. Det er mogleg at nokre forelesningar også kan gjerast om til meir praktiske øvingar. Emnet var meint som eit praksisnært fag, noko som også er lagt vekt på i læringsmåla. Det var 3 obligatoriske praksisseminar. Studentane fekk besøke Bergen Sjøfartsmuseum, SAMLA og Skeivt Arkiv. Tanken var at dei ved desse besøka skulle få prøve ut å registrere tre forskjellige typar material via tre forskjellige programvarer: primus, asta og goobi. Bergen Sjøfartsmuseum fungerte veldig bra. SAMLA hadde fungert betre om studentane også fekk tatt del i ein større del av digitaliseringsprosessen og ikkje berre sjølv registreringa.

	Skeivt Arkiv vart meir ein dag med forelesningar enn praksis. Dette må forbetrast før neste semester. Praksissemminara var nært knytt også til dei tema forelesningane tok for seg. Tema på forelesning var planlagt slik at studentane skulle få både bakgrunn og terminologiar på plass før praksisseminar. Studentane kunne ha fått meir ut av praksissemminara ved større deltaking på forelesningar. Alle måtte skrive eit refleksjonsnotat frå praksissemminara for å kunne ta eksamen. Desse refleksjonsnotata var gode, og dei var nyttige for oss for å sjå kva som hadde fungert med praksisseminar og ikkje. Eksamen bestod av to oppgåver. I den fyrste ønska me at studentane skulle reflektere og nytte seg av det dei hadde lært på praksisseminar og forelesningar. Det var difor ikkje forventa at studenten utelukkande skulle basere teksten sin på pensum, men svare ut i frå erfaringar frå emnet i si heilheit slik at me kunne teste dei i fylgje læringsmåla for faget. Dette kunne kanskje vore klargjort betre i oppgåveteksten. Det verka som at studentane syns det var vanskeleg å ikkje nødvendigvis skulle referere til pensum heile vegen. Den andre oppgåva var ei drøfting ut i frå pensumtekstar. Det er utfordrande at studentane ikkje lesar alle relevante titlar på pensum. Dette gjorde at nokre av oppgåvene var mangelfulle. Det var 7 kandidatar og karakterane fordelte seg slik: A: 1, B:3 C:2 D:1
Emne: Er emnet student-evaluert? Hva kom i så fall fram der? Program: Funn i eventuelle programsensorrapporter sist år.	Emnet er evaluert skriftleg gjennom skjemaker. Det var 4 av 8 som sendte inn evaluering. 3 av desse var veldig positive både til forelesningane og kurset i si heilheit. Den siste syns det å lese pensum var tilstrekkeleg, og fekk ikkje noko ut av forelesningane. Alle 4 var veldig fornøgde med praksissemminaret på Bergen Sjøfartsmuseet, nokså fornøgde med praksissemminaret på SAMLA, men kunne tenkt seg å vera med på meir av prosessen og ikkje berre registreringa. Alle kommenterte at praksissemminaret på Skeivt arkiv var meir som forelesningar, og ikkje praksisseminar. Dette tek me med oss vidare og vil forbetre dette til neste år. Elles kom det kritikk på at noko av pensum var for historisk, og at nokre tekstar var for like. Dette vil me også ta med oss vidare. Det var også ynskje om at faget hadde meir praksis. Dette er også noko me tek med vidare.

Var det noe som ikke fungerte godt nok? Er det behov for å foreta justeringer eller sette inn tiltak for å forbedre emnet/programmet? Hvilke?	Me treng å gå igjennom pensum på nytt. Det er utfordrande å finne gode og relevante tekstar. Me må vurdere pensumtekstane og sjå etter fleire relevante tekstar Det er også utfordrande å lage eit godt opplegg når ikkje studentane møter opp på forelesinga. Mykje av det forelesningane tok opp var for å forberede studentane på praksisseminar. Om ein legg opp til meir praksis i undervisninga og fleire besøk til institusjonar, slik det kom fram i evalueringa at studentane ynskjer, er det nødvendig at studentane møter opp. Nokre av praksisseminara fungerte, andre ikkje. Me må klargjere praksisseminara betre til neste år. Ein kan også sjå på andre moglege samarbeid for praksisbesøk, slik som IKA (eller Universitetetsmuseet?). I tillegg må me tenke igjennom når det er best at praksisseminara er, med tanke på blokkundervisning og eksamenstid.
Andre kommentarer eller innspill	Antallet studentar var fint. Me hadde tenkt at ein etter kvart skal auke talet frå 10 til 20. Om dette skal gjennomførast må me også bruke meir resursar på praksisseminara, og det kan bli litt utfordrande.